

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Anita Bjørk Ruud/Jarle Skartun Arkiv:
Arkivsaksnr.: 20/364

Framlegg til forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder i Luster kommune

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet legg framlegg til «**Forskrift [01.01.20] om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder i Luster kommune.**» ut på høyring.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Framlegg: Forskrift [01.01.20] om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder i Luster kommune.

Uprenta vedlegg: Noverande godtgjerslereglement.

Samandrag:

I tilknytning til arbeidet med ny kommunelov er det vedteke at «godtgjerslereglementet» skal forskriftsfestast. I saka vert det lagt fram framlegg, som etter rådmann si vurdering bør sendast ut på høyring før endeleg vedtak.

Framlegget tek utgangspunkt i; kommunelova, noverande satsar/ordningar i Luster og det er innhenta noko informasjon frå samanliknbare kommunar.

Framlegget vil medføra ein mindre kostnadsauke. Dette er grunna i «kostnadsutvikling», frå 2019-20 og tidlegare som ikkje har vore regulert, samt tilpassingar og prioriteringar som rådmann vurderer som viktige for å få lokaldemokratiet til å fungere endå betre.

Utval som har vedtaksmynde: Formannskapet har utleggingsfullmakt. Forskrifta skal endeleg vedtakast av kommunestyret.

Fakta:

Kommunelova § 8-3 : Dekking av utgifter og økonomisk tap.

«Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om slik godtgjøring.

Den som blir påført utgifter som følge av et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på å få dekket utgiftene opp til et visst beløp per dag. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om dekning av slike utgifter.

Den som taper inntekt fordi han eller hun har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på erstatning opp til et visst beløp per dag. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om slik erstatning. Det skal fastsettes ulike satser for dokumenterte og ikke-dokumenterte tap.»

Kommunelova § 8-4.Arbeidsgodtgjøring.

«Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for sitt arbeid. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift for slik godtgjøring.»

Kommunelova § 8-5.Godtgjøring ved frikjøp.

«Kommunestyret eller fylkestinget kan selv bestemme at folkevalgte som frikjøpes, skal motta én fast godtgjøring i stedet for dekning av tapt inntekt etter § 8-3 tredje ledd og arbeidsgodtgjøring etter § 8-4.»

Kommunelova § 8-6.Ettergodtgjøring.

«Folkevalgte som har vervet som sin hovedbeskjeftigelse, kan søke om ettergodtgjøring når de fratrer vervet. Kommunestyret eller fylkestinget skal selv gi forskrift om lengden slik ettergodtgjøring kan ha, men ikke utover alminnelig oppsigelsestid for fast ansatte i kommunen eller fylkeskommunen.

Retten til ettergodtgjøring skal avkortes krone for krone mot annen inntekt. Det samme gjelder for ordinær inntekt som den folkevalgte frivillig avstår fra»

Reglement fram til 01.01.20;
Folkevalde sine arbeidsvilkår, reglement gjeldande frå 1.1.2012
Vedteke i kommunestyret den 26.04.12, sak 25/12.

Med utgangspunkt i dette reglementet har ordførargodtgjersla vore regulert kvart år og dermed indirekte ein del andre godtgjersler som har vore fastsett prosentvis i høve ordførargodtgjersla.

Fastsette kronesatsar frå 2012-reglementet har i hovudsak vore dei same fram til no.

Vurdering:

Ved notat av 31.01.20 til formannskapet vart det avklart at rådmann skulle revidere godtgjerslereglementet og leggje fram dette som utkast til forskrift, noko som er vedteke i ny kommunelov gjeldande frå 01.01.

Sakshandsamingsreglane for forskrifter er at dei skal leggjast ut på høyring og det vert det og lagt opp til i saka. Formannskapet kan ev ta stilling til kor omfattande høyring som trengs.

Kommunelova er tydeleg på at folkevalde har rett på godtgjering og krav på å få dekkja utgifter og tap. Samtidig som det er grunngeving på at det ikkje skal vera symbolsk godtgjering/dekking så er det og brukt formulering «opp til eit visst beløp.» Framlegget til forskrift tek opp i seg dette og dei kommentarane som ein finn til kommunelova. (Overå /Bernt; kommunelova 2018 m/kommentarar.)

Noverande reglement vart vedteke i 2012 og sjølv om godtgjersler er regulert årleg er satsane i stor grad frå 2012. Det har frå den tid vore ei pris/lønsutvikling på om lag 15-20 %, noko som tilseier at det er grunn til å vurdere satsar nærare. Samtidig har lokaldemokratiet, møteopplegg og strukturar og hatt sine tilpassingar som det er grunn til å vurdere ved fastsetjing av nye ordningar. Tal møter og møtetimar har truleg gått noko ned.

Ved revisjon av reglementet er det og sett mot ein del andre kommunar og deira ordningar. Det er å skrive at ordningar varierer ein del, og det kan vere vanskeleg å samanlikne «eple mot eple» då organisering, møteopplegg, tradisjonar og kultur påverkar i stor grad korleis folkevaldopplegget i kvar kommune vert utforma.

Rådmann legg vidare til grunn at kultur og tradisjon i Luster er at ein skal ha ei nøktern godtgjersle som speglar tid, arbeid og ansvar. Det ligg og til grunn at det alt vesentlege av aktiviteten/møteopplegg skal vere på dagtid. Mange samanliknbare kommunar nyttar i større grad ettermiddag og kveldstid ògså til dei formelle møta.

Framlegget, forskrifta, er søkt utforma med såpass forklaring i teksten at det ikkje skal vere behov med noko særleg vegleiing attåt. Det vil likevel vere slik at det vil oppstå tolkingsspørsmål og i dei tilfelle vil kommentarane til kommunelova, vårt beste skjønn og ev drøfting i formannskapet bli nytta for avklaringar.

Framlegget slik det no er utforma nyttar eit heilt avgjerande og bestemmende utgangspunkt og det er ordførar si godtgjersle. Spørsmålet vert so korleis fastsetje ordførar si godtgjersle. Det kan gjerast på ulikt vis, eige årleg vedtak eller knyting til ulike andre si løn og lønsutvikling.

Framlegget knyter ordføraren si godtgjersle til stortingsrepresentantane si grunngodtgjersle. Ei slik kopling til godtgjersla til dei nasjonalt folkevalde finn rådmann naturleg å bruka. Det er vorte meir og meir vanleg, i alle fall i mindre og mellomstore kommunar. I desse kommunane vil ein så finna variasjonar mellom 80% og 100% av stortingsrepresentantane si godtgjersle som ordførargodtgjersle. Vik har 85% og Sogndal har 100%.

Ut frå noverande nivå i Luster, at Storting er det øvste folkevalde nivået, at ordførar slepp å bu heimanfrå, nivået i samanliknbare kommunar og at me skal ha eit nøkternt nivå så tilrår rådmann i framlegget at ordførar si godtgjersle vert sett til 90% av stortingsrepresentantane si løn.

Tapt arbeid i framlegget har same opplegg som i gjeldande reglement og med litt høgare godtgjersle for ordførar så går satsane litt opp.

Kommunen baserar seg i større og større grad på digital kommunikasjon. Samtidig er det blitt meir og meir standard at kvar og ein har datautstyr som og dekkar dei kommunale behova. Det er likevel rimeleg at kommunen dekkar ein del av dei løpande abonnementsutgiftene for kommunikasjon. Dette vert tilrådd, men eingongsbeløpet til innkjøp vert avvikla. Her vil det og vere naturleg med ei viss differensiering mellom dei som har størst behov og også ei yting til dei mykje nytta varamedlemmane. Dette er det teke høgde for i framlegget.

Med utgangspunkt i ordføraren si godtgjersle er det så gjort vurderingar som konkluderer på prosentvis arbeidsgodtgjersle til dei andre folkevalde der tidsbruk i vervet, møtetid og ansvar vert nytta som vurderingskriterium.

I høve noverande reglement er det i framlegget føreslege ein mindre auke for leiar i plan og forvaltning og leiar i kontrollutvalet. Me har her hatt relativt låge godtgjersler målt mot andre.

Godtgjersle til varaordførarvervet har same prosentsats som no, formannskapsmedlemmane går ned ein prosent, men samtidig vert det tilrådd fast kommunestyregodtgjersle som kompenserer noko og det er betre utgiftsdekning for dei.

Det vert gjort framlegg om fast godtgjersle, noko høgare enn summen av møtegodtgjersla i dag, for kommunestyremedlemmane. Uavhengig av møta er kommunestyrevervet eit tillitsverv som skal skjøttast, ein skal følgje med og delta i gruppe og partiarbeid.

For å styrke dette arbeidet tilrår og rådmannen i framlegget at det vert etablert ei fast mindre tilleggsgodtgjersle for gruppeleiarane. I lokaldemokratiet er dette sentrale posisjonar, med ekstra arbeid, og som er viktige for å få til eit velfungerande lokaldemokrati. Me har og på beddingen å etablere gruppeleiar møte/(økonomiutval), 2-3 møte pr år, der formannskapet og gruppeleiarane har nærare drøftingar omkring plan- og budsjettarbeidet. Eit litt krevjande område i framlegget er å spegla godtgjersle i høve storleiken på gruppene då det er så store skilnader på kommunestyregruppene i kommunen.

I framlegget vert det og lagt til grunn at dei ulike møtegodtgjerslene og tapt arbeid får satsane fastsett med utgangspunkt i ordførar si godtgjersle. Det vert tilrådd litt auke i satsane, men omsynsteke at her ikkje har vore regulering frå 2012 så er det røft å rekna som «løns/pris regulering.»

Nærare om økonomi:

| Kommunale godtgjersler, satsar 2019: | Nye satsar 2020 | | Ca. samla øk.kons. |
|--------------------------------------|-------------------------------------|---|----------------------------|
| Ordførar: 830.000 | (Kst. 19.12 = 860.000) 889.197. | Stortingsrep. pr 01.05.19=987.997 ordf. 90%. | 50.000 *inkl sos.utg |
| Varaordf: 48.650 | 53 351 | 6% (6%) | 3.000 |
| Fsk: 40 500 | 35.568 | 4% (5%) *endring kst, auke. | -35.000 |
| Leiar pfu: 20.750 | 35.568 | 4% (2,5%) | 18.000 |
| Leiar ktr: 16.500 | 26.676. | 3% (2%) | 12.000 |
| Kst: (5000) | 8890 | 1% (tidl. pr møte, 700,-.) | 75.000 |
| | | | |

| | | | |
|--|------------|--------------|---------------|
| Gr.leiar stor gruppe | 8890 | 1% | 9000 |
| Gr.leiar mellom-stor gr. | 6669 | 0,75% | 7000 |
| Gr.leiar mindre gruppe | 4446 | 0,5% | 20000 |
| | | | |
| Tapt arbeid dokumentert dagsats? (3320) | 3480 | 0,4% | 5000 |
| Tapt arbeid udokumentert dagsats? (1660) | 1778 | 0,2% | 5000 |
| | | | |
| Møtegodtgjersle gr 1. | 889 | 0,1% (700) | |
| Møtegodtgjersle gr 2, gr 1 korte møte. | 669 | 0,075% (600) | |
| Møtegodtgjersle gr 3, gr 2 korte møte | 355 | 0,04% (300) | |
| Møtegodtgjersle gr 3 –korte møte | 267 | 0,03% (200) | 10 000 |
| | | | |
| Utgiftsdekking kommunikasjon | 2230 /4460 | 0,25% | ? =179.000 |

Dette økonomioversynet syner auka kostnader frå 2019 til 2020 på mellom 150 og 200.000. Reknar ein løns/pris-utviklinga til 3% er netto auke om lag halvparten av dette 75-100.000 pr år. Auken er grunna i tilpassingar, oppretting av «skeivheiter» og prioriteringar som rådmann vurderer som viktige for å få lokaldemokratiet til å fungere endå betre.

Bruk av dagtid/normalarbeidstid til møter og samla aktivitet vil påverka kostnadane, noko som betyr at oversynet er å rekna som eit anslag. Det er likevel rådmann si vurdering at avsett budsjetttramme for 2020 er tilstrekkeleg til å dekkja kostnadane som følgjer av ny forskrift med dei planane som ligg føre.

Rådmann tilrår forskrifta slik ho no er utforma og at den vert sendt på høyring, minimum til dei politiske partia ev i ei open høyring. Rådmann har ikkje noko klar tilråding på det punktet og ber formannskapet ta stilling til spørsmålet.

Dato: 05.03.20/11.03.20

Jarle Skartun
rådmann

Anita Bjørk Ruud
Leiar servicetorget

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til:

